

FAU møte 13. september 2023

Innkalla: Alle FAU representantar 2022/23 + nye FAU representanter for skuleåret 23/24.

Oppmøtte: Rektor Ingvill Blom, SFO leiar Liss Schuman, Kristine Melsbø, Silje Klett, Stine Krauss, Merethe Nygård, Maren Frøvik, Kristina Espeseth, Magne Bringedal, June Dåvøy, Stine Askeland, Sturle Helleraker, Anne Mette Lone.

Referent: Anne Mette Lone

Oversikt FAU representantar:

Namn	Klasse	Verv
Stine Askeland	1a	Brattisdisco ansvarleg
Maren Frøvik	1b	Trafikkgruppa (Skulebuss)
Sturle Halleraker	2a	Kasserer
June Dåvøy	2b	Sekretær Klassekontakt og trivselsansvarlig
Kristina Espeseth	3a	Juleavslutnings komité
Kristine Melsbø	3b	Nestleiar FAU, SMU, SU, KFU 17mai komité ansvarleg
Silje Klett	4a	Klassekontakt og trivselsansvarlig
Magne Bringedal	4b	Brattisdisco ansvarleg
Anne Mette Lone	5a	Leiar FAU, SMU, SU, KFU Trafikkgruppa, Juleavslutningskomité
Rolf Martin Indrebø	5b	-
-	6a	-
Stine Krauss	6b	Juleavslutnings komité
Merethe Nygård	7a	Kassere, vikar
Tonje Nilsen	7b	-

REKTORS KVARTER:

✚ NYTT UTEOMRÅDE:

Stadig framgang i uteområde prosjektet. BKK er på saka om å få flytta trafostasjonen som er på storeplassen over vegen frå skulen. Dei har funnet ein ny trafostasjon og arbeidet til utbyggjar startar opp. Det blir gangveg frå eksisterande kryss og heilt ned til kaia – Dette blir fint for alle og for nærmiljøet. 😊

✚ BUSSPROBLEMATIKK:

Det er meldt vidare til Skyss frå skulen om kva elevtal som er forventa og bedt om fleire bussar. Det blir gjort teljingar av elevar på bussane om morgonen slik at ein kan verifisere antal elevar om bord mot sitteplassar på bussen. Saka er tatt vidare frå skulen si side til høgare hald. FAU har også meldt inn klage til Skyss.

✚ OPPSTART AV SKULEKORET: Oppstart veke 38 - Ca. 80 påmeldte elevar.

✚ ØNSKE OM SKULELØP I REGI AV REDD BARNA:

Avklarast med meiningsmåling på FAU si Facebookside for å kartlegge interessa blant foreldre.

FOREDRAG I HAUST:

«Barnevakten» foredrag til 4. trinn er fast kvart skuleår på vårparten i samarbeid med skulen.

Ønska og tidlegare (3. trinn) om det er mogeleg.

FAU oppfordrar til fokus på data og mobilgrenser i klassane, på tvers av trinna.

Klassekontaktane får og i oppgåve å ta dette vidare med klassane.

BILAR OG LEVERING AV BORN OM MORGONEN:

Framleis veldig stort trykk på parkeringsplassen om morgonen og mange skumle situasjonar med bilar og born som spring inn i mellom bilane.

Oppfordrar til bruk av refleks no inn mot haustmørket 😊 🚗

Det blir reflekskampanje etter haustferien 🌟

NY SKULEFOTOGRAF:

Lima Foto kjem 4 dagar i veke 38/39 – dato og detaljar for kvart trinn er annonsert via Transponder.

Alle elevar tar portrettbilete og fellesbilete med klassen som blir lagt inn i skulekatalogen.

Det er mogeleg for foreldra å sjølv organisere med søskjenotografering på gitte tidspunkt om ein ønska disse til private formål.

VEGSIKRING – EBBESVIKVEGEN:

FAU arrangerte ilag med Soli Eigedom (utbyggar i Ebbesvik) eit allmøte 14. september.

Bakgrunn for møtet: Sikrare skuleveg.

Litt informasjon rundt saka: Soli Eigedom har som utbyggar tilleggskrav frå Øygarden Kommune å legge til rette for «Sikker Skuleveg», men basert på forslag frå Fylkeskommunen (som FAU har hatt kontakt med) om stenging av vegen vart det kalla inn til eit møte med bebuarar langs vegen og andre i området om stenging av eksisterande Ebbesvikveg for å sjå kva som kunne vere aktuelt å ta vidare og eventuelt få på plass når den nye vegen opnar.

Tilbakemeldingane var mange angåande stenging av vegen og av dei tilstades var det fleire som ikkje ønska å stenge vegen av private grunnar. Ein fellesnemnar vart lagt fram om ein heller kan fartssikre strekningen med fartsdempande tiltak og nedsett fartssone til 30 km/t. Når den nye vegen frå Sotra Arena opnar i løpet av våren er det forventa at trafikken på eksisterande veg vil avta i større grad.

Dette er spelt vidare mot utbyggar og ein kan håpe at dei tar det med vidare i prosessane.

FAU arrangerar «Bakluke-loppis» søndag 22. oktober frå 14.00-16.00 😊

Meir info etter kvart.

Nye foreldrekontakte i klassane blir kalla inn til foreldrekontaktemøte.

MØTEPLAN FAU BRATTHOLMEN SKULE 2023/2024

Klokkeslett: 18.00-19.30, lærarrommet på skulen.

Dato
24. august
13. september
18. oktober
15. november
13. desember
10. januar
7. februar
13. mars
10. april
8. mai
12. juni